

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
072/23	Formannskapet	PS	06.09.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	23/2509

TV-aksjonen 2023 - invitasjon til økonomisk stønad

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune gir kr 10.000 til TV-aksjonen 2023 "Redd Barna – La barna leve i fred". Summen vert å dekkja på ansvar 1110, teneste 1000.

Formannskapet - 072/23

FS - behandling:

Øyvind Litland, AP, sette fram slikt framlegg: "Osterøy kommune gir kr 15.000 til TV-aksjonen 2023 "Redd Barna – La barna leve i fred". Summen vert å dekkja på ansvar 1110, teneste 1000."

AVRØYSTING:

Øyvind Litland, AP, sitt framlegg vert vedteke - 6 røyster (3SP,2AP,1H) mot 2 røyster
Kommunedirektøren, FRP, sitt framlegg fall - 2 røyster (FRP) mot 6 røyster

FS - vedtak:

Osterøy kommune gir kr 15.000 til TV-aksjonen 2023 "Redd Barna – La barna leve i fred". Summen vert å dekkja på ansvar 1110, teneste 1000.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

TV-aksjonen 2023 går i år til Redd Barnas arbeid for å hjelpe barn rammet av krig og konflikt. Saman kan vi gi over 100 000 barn moglegheit til å leike, lære og leve i fred.

TV-aksjonsmidlene går til å skape trygghet, skape trygg læring og trygge nærmiljøer og for barn i Ukraina, Syria, Bangladesh, Sør-Sudan og DR Kongo.

Ein kan lese meir om årets TV-aksjon her: <https://www.tvaksjonen.no/aktuelt/dette-gaar-pengene-til/>

Registrerte og innbetalte summar vil bli ein del av statistikken for din kommune på aksjonsdagen. Sjå: <https://giverstafett.no/landsstatistikk>

I tidlegare år har kommunen støtta TV-aksjonen med kr 10.000.

Konklusjon

Ordføraren rår til at ein i år også støttar TV-aksjonen.

Saka vert lagt fram for formannskapet for handsaming og avgjerd